



KINN KOMMUNE

## M Ø T E P R O T O K O L L

UTVAL:      Kontrollutvalet  
DATO:        3. Juni 2020  
STAD:        Florø, Samfunnshuset  
  
TID:          Kl. 09.00 – 15.30

### **DELTAKANDE I MØTET:**

#### Kontrollutvalet:

Bjørn Hollevik, leiar  
Nils Myklebust, nestleiar  
Kjell Heggen, medlem

#### Vara:

Bjarne Holme  
Olaug Tennebø

#### Vest kontroll:

Jostein Støylen, dagleg leiar  
Jorunn Sandal, spesialrådgjevar

#### Vestland revisjon:

Terje Førde, dagleg leiar.  
Trine Havn, Kommunerevisor  
Asgeir Tveit, oppdragsansvarleg/registrert revisor

#### Kinn kommune:

Kommunedirektør Terje Heggheim  
Kommunalsjef Rolf Bjarne Sund. Ikkje i sakene 51, 52, 53 og 55  
Controllar Berit Seljeseth Osa. Ikkje i sak 53 og delvis i sak 54 og 55  
Rekneskapssjef Norvall Bakke. Ikkje i sakene 42, 43, 44, 45 og 47  
Ola Teigen, ordførar. Ikkje i sakene 52, 53, 54 og 55  
Ingunn Frislid Solheim, kst. rekneskapssjef. I sak 53/20.  
Linda Nipen, kommunalsjef økonomi. I sak 53/20.

#### Forfall:

Bente Frøyen Steindal, medlem.  
Hanne Husebø Kristensen, medlem.  
Rune Nilsen, vara fast møtande med talerett

Møtet var leia av: Bjørn Hollevik.

Andre: Anders Ole Sunnarvik, styreleiar i Havhesten. I sak 48/20.  
Magny Kalvøy Midtbø, dagleg leiar i Havhesten. I sak 48/20.

Linda Mortensen Midtbø, hamnesjef i Flora Hamn. I sak 49/20.  
Kjell Hafstad, økonomimedarbeidar i Flora Hamn. I sak 49/20.

Arild Melvær, dagleg leiar i Innvandrarsenteret. I sak 50/20.

Johnny Jakobsen, dagleg leiar i Flora Bordgleder. I sak 51/20.

Robert Kalsvik, dagleg leiar i Allhuset Eikefjord. I sak 52/20.

#### **SAKLISTE**

- SAK 42/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLLEN
- SAK 43/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 44/20 SKRIV OG MELDINGAR
- SAK 45/20 REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2019 VÅGSØY KOMMUNE
- SAK 46/20 KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2019 VÅGSØY KOMMUNE
- SAK 47/20 REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2019 FLORA KOMMUNE
- SAK 48/20 REKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2019 HAVHESTEN KF
- SAK 49/20 REKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2019 FLORA HAMN KF
- SAK 50/20 REKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2019 KF INNVANDRARSENTERET I FLORA
- SAK 51/20 REKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2019 FLORA BORDGLEDER KF
- SAK 52/20 REKNESKAPEN MED ÅRSRAPPORT 2019 ALLHUSET EIKEFJORD
- SAK 53/20 KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSRAPPORT 2019 FLORA KOMMUNE
- SAK 54/20 REKNESKAP, ÅRSRAPPORT 2019 OG SLUTTRAPPORT FELLESNEMNDA KINN KOMMUNE
- SAK 55/20 EVENTUELT

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
42/20	033	26.05.2020	03.06.2020	KS

## **GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLLEN**

### **Samrøystes vedtak**

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Nils Myklebust.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
43/20	049	26.05.2020	03.06.2020	KS

## **GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 13.05.2020.

### **Vedlegg**

Møteprotokollen frå møtet 13.05.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
44/20	033&17	02.06.2020	03.06.2020	JS&KS

## **SKRIV OG MELDINGAR**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitende.

### **Vedlegg**

Frå bladet kommunal økonomi nr. 5 mai 2020. «Kommunelovens krav til økonomisk bærekraft – hvordan ivaretar kommuneregnskapet en måling av økonomisk bærekraft».

### **Saksopplysningar**

Viser til vedlegga.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
45/20	216	30.05.2020	03.06.2020	JSa

## REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2019 VÅGSØY KOMMUNE

### Samrøystes vedtak:

Ut over det som kjem fram nedanfor har Kontrollutvalet, ut frå kjende opplysningar, ikkje merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2019.

### Vedlegg

1. Oppfølgingsskjema ÅOP Vågsøy Kommune

### Opplysning

Tre revisjonseiningar for kommunar og Sogn og Fjordane Fylkekommune er gått saman i Vestland Revisjon frå 01.01.2020. Tidlegare oppdragsansvarleg revisor for Vågsøy Kommune er pensjonert frå same dato. Det er derfor blitt ny oppdragsansvarleg revisor frå 01.01.2020 som har signet revisjonsmeldinga for 2019.

### Saksopplysningar

Denne saka er todelt.

- Det eine er ein del av kontrollutvalet sitt tilsyn med revisjonen og arbeidet som er gjort.
- Det andre er at ein ved gjennomgang av arbeidet til revisjonen, vert gjort merksam på tilhøve som det kan vere noko mangel ved og/eller kan gjerast betre.

I Kommunelova frå 1992 § 77 nr. 4 står det: «Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Kontrollutvalet sin oppgåve er utdjupa i kontrollutvalgsforskrifta som var heimla i kommunelova frå 1992 (1994) § 6:

«Kontrollutvalet skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.»

I Kommunelova av 2018 § 23-3 a står det: «Kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

I Forskrift om kontrollutval og revisjon (2019):

«§ 3.Kontrollutvalgets oppgaver ved regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruks og avtaler med revisor
- c) regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3. Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak.

Kontrollutvalget skal påse at regnskapsrevisorens påpekinger etter kommuneloven § 24-7 til § 24-9 blir rettet eller fulgt opp. Hvis påpekingene ikke blir rettet eller fulgt opp, skal kontrollutvalget rapportere det til kommunestyret eller fylkestinget.»

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin rettleiar for kontrollutvalet sitt «på sjå»-ansvar overfor rekneskapsrevisor vert lagt til grunn for kontrollutvalet sitt arbeid med å sjå til at rekneskapet vert revidert på ein trygg nok måte.

Rettleiaren er utarbeida med utgangspunkt i kommunelova av 1992. På førespurnad til NKRF får ein opplyst at den gjeld inntil det kjem ny, men at det ikkje vil verte vesentlege endringar i høve på-sjå ansvaret overfor finansiell revisjon/årsrekneskapet.

Under finn ein kva som er/vil bli gjort i høve til tilrådingane i rettleiaren:

1. Krav til utdanning og praksis for oppdragsansvarleg revisor.  
*Ny oppdragsansvarleg revisor er registrert revisor. Kvalifikasjonskrav og praksis er dermed følgt opp.*
2. Krav til vandel for oppdragsansvarleg.  
*Oppdragsansvarleg revisor er registrert revisor. Vandelsattest er nødvendig for å få registrering.*
3. Dokumentasjon av revisors uavhengigheit.  
*Ny oppdragsansvarleg revisor har levert skriftleg eigenvurdering 24.04.20. Jfr. 36/20.*
4. Generelt om revisor si uavhengigheit og objektivitet.  
*Revisor si uavhengigheitserklæring er fersk, sjå punkt 3.  
Vi føreset at oppdragsansvarleg- og stadleg revisor og dagleg leiar i revisjonsselskapet vil vurdere si uavhengigheit fortløpande og rapportere om eventuell endringar.*
5. Kunnskap om revisjonen sitt innhald.  
*Kommunerevisjonen i Nordfjord har gjort revisjonsarbeidet gjennom året. Vestland Revisjon har utført årsoppgjersrevisjonen.  
Kontrollutvalet og Sekretariatet har pr no kun kort tids erfaring med Vestland Revisjon. Vårt kjennskap til kva revisjonsarbeidet omfattar er opparbeida gjennom utdanning, yrkeserfaring og erfaring med revisjonseiningar, m.a. Kommunerevisjonen i Nordfjord.  
Siste kvalitetskontroll av Kommunerevisjonen i Nordfjord frå Norges Kommunerevisorsforbund (NKRF) var i 2017. Kontrollen blei gjort på einiga generelt..  
Kontrollen avdekkar vesentlege feil og manglar. Oppfølging med nye kontrollar blei gjennomført i 2018 og 2019. Siste oppdatering frå NKRF pr. 25.11.19 viser at forholda er noko betra og kvalitetskontrollen no er godkjent. Vi forventar at dei utilfredstillande tilhøva som NKRF peika på blir handtert vidare i Vestland Revisjon i samsvar med lov, forskrifter, god revisjonsskikk og god revisorskikk.  
Kommunerevisjonen i Nordfjord har løpande orientert Kontrollutvalget i Vågsøy om saka. Tilsette i Vestland Revisjon vil vere tilstades i møte og orientere og svare på spørsmål.*
6. Avtale mellom revisor og kontrollutvalet.  
*Kontrollutvalet har ikkje fått samarbeidsavtale med Kommunerevisjonen i Nordfjord. Dette vil vi jobbe for å få til med Vestland Revisjon i 2020.*
7. Revisjonsstrategi.

Nordfjord Kommunerevisjon skulle orientere Kontrollutvalet om revisjonsstrategi og løpande revisjon for 2019 i møte 10.09.19, sak 38/19. Revisor møtte ikkje.

8. Nummerert brev.  
*Kontrollutvalet har ikkje motteke nummerert brev for året.*
9. Mislegheiter.  
*Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om mislegheiter i året.*
10. Revisjonsmeldinga.  
*Revisjonsmelding datert 20.05.2020 ligg føre.*
11. Revisor sin møteplikt og møterett.  
*Nordfjord Kommunerevisjon har ikkje fylgt si møteplikt i kommunestyret i samsvar med lov og forskrift.*
12. Revisor sin opplysningsplikt.  
*Der er ikkje grunn å tru at revisor har halde tilbake opplysningar som kommunestyret og kontrollutvalet burde hatt.  
Revisorar blir tilstades i Kontrollutvalsmøtet.*

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
46/20	212	25./26.05.2020	03.06.2020	JSa

## KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2019 VÅGSØY KOMMUNE

### Samrøystes uttale

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2019 datert 20.05.2020.
2. Kontrollutvalet meiner at Vågsøy Kommune sin årsrekneskap kan godkjennast.  
Årsrekneskapen viser eit netto driftsresultat (overskot) på kr 5 570 717  
og eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) på kr 2 971 697

Årsrekneskapen er sett saman av:

- ✓ balanse per 31.12.2019
- ✓ driftsrekneskap
- ✓ investeringsrekneskap og økonomiske oversikter
- ✓ notar medrekna samandrag og viktige rekneskapsprinsipp.

Driftsrekneskapen viser at kommunen totalt har hatt til fordeling kr 374 705 171  
Sum fordelt til drift kr 371 733 474

### I møtet

Rekneskapssjef Norvall Bakke orienterte og svara på spørsmål.

Nils Myklebust kom med slik opplysning:

I rekneskapskjema 4 side 11 er der eit avvik på lønnsutgifter mellom budsjett revidert og rekneskap

under Driftsutgifter.

Lønnsutgifter eit avvik på ca 15 mill kr. 288,5 mill. til kr 303,5 mill.

I Årsmeldinga for 2018 så står der at Vågsøy kommune har 469 årsverk.

I Årsmeldinga for Vågsøy 2019 så står der 436 årsverk.

Dette må forklarast for Kinn kommunestyre.

### **Vedlegg**

1. Revisjonsmelding datert 20.05.2020.
2. Årsrekneskap datert 21.02.2020. Motteke 26.05.2020.
3. Årsmelding datert 20.02.2020. Motteke 26.05.2020.

### **Saksopplysningar**

Viser til dei vedlagde dokumenta: Revisjonsmelding, årsrekneskap og årsmelding for 2019.

Revisor og ev. kommunaldirektør og/eller økonomi/rekneskapssjef deltek på møtet.

Det har vore eit krevjande år for ein del tilsette, pga. kommunesamanslåing og grensejustering.

Rekneskapsmessig mindreforbruk ( <b>overskot</b> ) 2019 på	kr 2,97 mill
Rekneskapsmessig mindreforbruk ( <b>overskot</b> ) 2018 på	kr 12,77 mill

Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk er økonomisk resultat slik det framkjem etter avsetningar og bruk av fondsmidlar.

Netto driftsresultat er det mest brukte nøkkeltalet for vurdering av det økonomiske resultatet i ei kommune.

	2019	2018
Netto driftsresultat	5,57 mill	-5,42 mill

### **Nytt revisjonsselskap og oppdragsansvarleg**

Revisjonseiningane for kommunar i Sogn og Fjordane og Fylkeskommune har gått saman i eit nytt revisjonsselskap; Vestland Revisjon OF. Tidlegare oppdragsansvarleg for revisjonen av Vågsøy Kommune er blitt pensjonert. Det er derfor ein ny person som har signert revisjonsmeldinga i tillegg til stadleg revisor.

### **Revisjonsmeldinga**

Revisor sin konklusjon om årsrekneskapen:

- ❖ Rekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift og gjev per 31.12.2019 ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen og
- ❖ av resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen, annan informasjon, rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen og revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen går fram av revisjonsmeldinga.

Revisor konkluderer slik om andre lovmessige krav:

- ❖ Dei disposisjonane som ligg til grunn for årsrekneskapet er i det alt vesentlege i samsvar med budsjettvedtak og budsjettbeløpa i årsrekneskapet stemmer med regulert budsjett.
- ❖ To presiseringar, sjå nedanfor.
- ❖ Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter.
- ❖ Leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk.

*Presiseringar om grunnlag for konklusjonen:*

*Det vert vist til retningslinjer for sjølvkost i kommunale betalingstenester H 3/14 av 24.02.14. På sjølvkostområdet viser fond for vatn eit underskot på kr 2 494 903 og fond for avløp underskot på kr 3 040 126.*

*Dersom kommunestyret ikkje gjer særskilt vedtak om dekningsgrad, skal underskota dekkast inn over 5 år frå den tid det oppstod.*

*Presisering av konklusjon om budsjett:*

*Kommunelova §§ 46 og 47 omtalar årsbudsjettet sin bindande verknad. Vi viser til avvik i investeringsrekneskapen som går fram av Rekneskapsskjema 1B fordelt på sektorar. Vi minner om at det skal skje budsjettregulering når budsjettføresetnadane endrar seg gjennom året. I årsmeldinga punkt 2.5 og 2.6 er det gjort greie for avvika.*

## **Årsrekneskapen**

- ✓ Rekneskapsskjema 1A Driftsrekneskapen finn ein på side 3.
- ✓ Rekneskapsskjema 2A Investeringsrekneskapen side 5.
- ✓ Notane, nr 1-16 side 15-35.
- ✓ Ein viser elles til rekneskapsdokumentet, som er flott presentert og lettleselig.
- ✓ Premieavviket på kr 454 072 under omløpsmidlar i balansen er ei rekneskapsteknisk ordning og ikkje eit reelt krav.

## **Årsmeldinga**

- ✓ Økonomisk resultat:

I samband med rapportering av økonomimelding II rekna ein med å få eit 0-resultat for 2019. På side 3 og 4 peikar kommunedirektøren på årsakene til at ein kom betre ut. M.a. blei overføringa frå Havbruksfondet på totalt 6 mill., 4,6 mill. høgre enn forventa.

- ✓ Resultatgrad:

Netto driftsresultat i % av driftsinntektene utgjer i 2019, side 11 0,97%.

Dette er vesentleg lågare enn målalet tilrådd frå

Teknisk Berekningsutval på 1,75%

side 4.

Om ein korrigerar for dei to punkta på sjølvkostområdet, side 4

blir dette nøkkeltalet 1,70%

- ✓ Vesentleg meirforbruk

Oversikt over vesentleg meirforbruk på sektorane på ca. 10 mill og kommunedirektøren sine kommentarar til dette finn ein på side 12.



✓ Lånegjeld

Lånegjelda utgjer kr 696 112 039 ved utgangen av året, side 10

Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter utgjer 10,8%

Utviklinga dei siste åra finn ein på side 14

Lånegjeld pr. innbyggjar i	Vågsøy	kr 117 388
« « «	Eid	kr 114 716
« « «	Selje	kr 92 001
« « «	gjennomsnitt i Sogn og Fjordane	kr 97 930
« « «	landsgjennomsnittet ex. Oslo	kr 72 360

	2019	2018	2017
✓ Vi gjer merksam på sjukefråværet	8,5%	6,1%	8,1%

### Avslutning

- Revisjonsmeldinga inneheld *to presiseringar*
- Årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift
- og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31.12.2019 og
- resultatet for rekneskapsåret i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk.
- Utanom presiseringane har revisjonen ingen merknadar til den framlagde rekneskapen

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
47/20	216	31.05.2020	03.06.2020	JS

### REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2019 FLORA KOMMUNE INKL. KF

#### Samrøystes vedtak

Ut frå det kjem fram nedanfor og elles kjende opplysningar, tek kontrollutvalet revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for 2019 til vitende.

#### Vedlegg:

#### Saksopplysningar

Denne saka er todelt.

- Det eine er ein del av kontrollutvalet sitt tilsyn med revisjonen og arbeidet som er gjort.
- Det andre er at ein ved gjennomgang av arbeidet til revisjonen, vert gjort merksam på tilhøve som det kan vere mangel ved og/eller kan gjerast betre.

I Kommuneleva frå 1992 § 77 nr. 4 står det: «Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Kontrollutvalet sin oppgave er utdjupa i kontrollutvalgsforskrifta som var heimla i kommunelova frå 1992 (1994) § 6:

«Kontrollutvalet skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.»

I Kommuneleva av 2018 § 23-3 a står det: «Kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

I Forskrift om kontrollutval og revisjon (2019):

«§ 3.Kontrollutvalgets oppgaver ved regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor
- c) regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3. Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak.

Kontrollutvalget skal påse at regnskapsrevisorens påpekinger etter kommuneloven § 24-7 til § 24-9 blir rettet eller fulgt opp. Hvis påpekingene ikke blir rettet eller fulgt opp, skal kontrollutvalget rapportere det til kommunestyret eller fylkestinget.»

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin rettleiar for kontrollutvalet sitt «på sjå»-ansvar overfor rekneskapsrevisor er lagt til grunn for arbeidet med å sjå til at rekneskapet blir revidert på ein trygg nok måte.

Rettleiaren er utarbeida med utgangspunkt i kommunelova av 1992. På førespurnad til NKRF får vi opplyst at den gjeld inntil det kjem ny, men at det er ikkje forventa å bli vesentlege endringar.

Då vi ikkje har fått særleg skriftleg informasjon frå revisjonen om deira arbeid med 2019-rekneskapane, må vi forutsette at revisor orienterar om dette i møtet. Dersom revisor gjev opplysningar som er unnateke off. innsyn, må møte lukkast.

Under finn ein kva som er gjort i høve til tilrådingane i rettleiaren:

1. Krav til utdanning og praksis for oppdragsansvarleg revisor  
*Oppdragsansvarleg revisor for rekneskapsåret 2019 for Flora Kommune m/KF er Terje Førde. Han har sin kompetanse etter ei overgangsordning for kompetansekrav i kommunal revisjon. For årsavslutninga 2019 er også Asgeir Tveit teken inn i arbeidet, og frå rekneskapsåret 2020 er Asgeir Tveit oppdragsansvarleg for Kinn Kommune, jfr. sak 36/20. Tveit er registrert revisor og har såleis formell kompetanse til å ta på seg ansvaret for revisjonen i ei ny kommune.*
2. Krav til vandel for oppdragsansvarleg  
*Å levere vandelsattest er nødvendig for å få registrering som revisor så dette er i orden for Asgeir Tveit. Når det gjeld Terje Førde føreset vi at det er varsla til Kontrollutvalet i Flora kommune.*
3. Dokumentasjon av revisors uavhengigheit for året  
*Asgeir Tveit har levert skriftleg eigenvurdering. Vi føreset at Terje Førde har gitt eigenvurdering til Kontrollutvalet i Flora for 2019.*
4. Generelt om revisors uavhengigheit og objektivitet.  
*Vi føreset at oppdragsansvarleg revisor, stadleg revisor og dagleg leiar i revisjonsselskapet vurderer si uavhengigheit fortløpande og rapporterer om eventuell endringar. Vi føreset at selskapet har rutiner om innhenting av andre rev personell si uavhengighet.*
5. Kunnskap om revisjonen sitt innhald  
*- Kryss Revisjon har gjennomført revisjonsarbeidet i løpet av året. Vestland Revisjon*

*har utført årsoppgjersrevisjonen.*

- *Sekretariatet har ikkje tidlegare hatt samarbeid med Kryss Revisjon og har pr no kun kort tids erfaring med Vestland Revisjon.*
- *Vårt kjennskap til kva revisjonsarbeidet omfattar er opparbeida gjennom utdanning, yrkeserfaring, tillitsvern og samarbeid med ulike revisjonseiningar. Vi har ikkje vore Kontrollutvalssekretariat for Flora Kommune og har såleis ikkje tidlegare samarbeida med kommunen sin revisor.*
- *På forespurnad opplyser dagleg leiar at Kryss Revisjon sin siste kvalitetskontroll av NKRF var i 2015 og at kontrollen blei godkjent.*

6. Avtale mellom revisor og kontrollutvalet  
*Vi planlegg å få til skriftleg avtale med Vestland Revisjon frå 2020.*
7. Revisjonsstrategi og årsoppgjersrevisjonen  
*Vi går ut frå at Kryss Revisjon har presentert sin revisjonsstrategi/revisjonsplanlegging for 2019 for Kontrollutvalet i Flora i løpet av året.*
8. Nummerert brev  
*Vi har ikkje fått informasjon om at Kontrollutvalet har ikkje motteke nummerert brev for 2019.*
9. Mislegheiter.  
*Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om mislegheiter i året.*
10. Revisjonsmeldinga  
*Revisjonsmeldingar ligg føre. Den er datert 26.05.2020 for kommunen + for kvar KF.*
11. Revisor sin møteplikt og møterett  
*Då vi ikkje har vore sekretariat for Flora Kommune kan vi ikkje uttale oss om revisor har fylgt opp møteplikta si i kommunestyret i samsvar med lov/forskrift.*
12. Revisor si opplysningsplikt  
*Der er ikkje grunn å tru at revisor har halde tilbake opplysningar som kommunestyret og kontrollutvalet burde hatt.*

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
48/20	212	12./27.05.2020	03.06.2020	JSa

## **REKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2019 HAVHESTEN FLORA KF**

### **Samrøystes uttale:**

- 1 Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2019 datert 23.04.2020.
- 2 Kontrollutvalet meiner den framlagde særrekneskapen for Havhesten Flora KF kan godkjennast.

Særrekneskapen viser eit netto driftsresultat på kr 81 742  
og eit rekneskapsmessig mindreforbruk (årsoverskot) på kr 77 751

Årsrekneskapen består av:

- ✓ balanse per 31.12.2019
- ✓ driftsrekneskap
- ✓ investeringsrekneskap
- ✓ notar

3. Kontrollutvalet er enig med å avsette til egenkapital.

kr 77 751

### **I møte**

Styreleiar Anders Ole Sunnarvik og dagleg leiar Magny Kalvøy Rogne orienterte og svarta på spørsmål.

### **Vedlegg**

1. Revisjonsmelding 2019. Datert 23.04.2020. Motteke 27.05.2020.
2. Rekneskapen 2019, inkludert erklæring frå konstituert dagleg leiar og konstituert rekneskapssjef. Datert 17.02.2020.
3. Årsmelding 2019 datert 31.03.2020. Årsmeldinga er ikkje signert av styremedlemmane.
4. Møtebok frå styret si behandling av årsrekneskap og årsmelding. Datert 27.04.2020. Motteke 27.05.2020.

### **Saksopplysningar**

Viser til vedlegga til saka, samt kontrollutvalssak 47/20 - Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2019. Viser også til gjennomgangen i møtet.

Dagleg leiar er kalla inn til møtet for å orientere og svare på spørsmål.

Årsrekneskapen viser eit netto driftsresultat på	kr 81 742
og eit rekneskapsmessig mindreforbruk (årsoverskot) på	kr 77 751

### **Revisjonsmeldinga**

Revisor sin konklusjon om årsrekneskapen:

- ✓ Rekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift og gir per 31.12.2019 ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til foretaket og av resultatet for året.

Grunnlag for konklusjonen, annan informasjon, styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen og revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen går fram av revisjonsmeldinga.

Revisor konkluderer slik om andre lovmessige krav:

- ✓ Regulert budsjett i rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak og årsrekneskapen er i rimeleg samsvar med regulert budsjett.
- ✓ Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrift.
- ✓ Leiinga har oppfylt plikta til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk i Noreg.

### **Rekneskapen**

Viser til dokumentet. Sjå særleg notane 1 til 13, side 11-18.

### **Årsmeldinga**

Året har vore prega av anbudsutlysning og oppstart av rehabilitering og nybygg. Budsjettramma er på 51,7 mill. Styreleiar har i vår vore ute i media og informert om at ramma ser ut til å halde. Arbeidet starta i oktober 2019. Anlegget har vore stengt sidan.

Økonomi: Netto driftsresultat er noko lavare enn budsjett, sjå side 3.

Eigenkapitalandelen ved utgangen av 2019 er på ca 17%.

## Styret i Havhesten Flora KF

Styret handsama årsrekneskapen og årsmeldinga i møte 27.04.2020.

### Avslutning

- Revisjonsmeldinga inneheld ikkje noko atterhald eller presisering
- Årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift og
- gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Havhesen Flora KF per 31.12.2019 og
- resultatet for rekneskapsåret per denne datoen som er i samsvar med lov, forskrift og kommunal rekneskapsskikk i Noreg.
- Revisjonen har ingen merknadar til det framlagde rekneskapet for 2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
49/20	212	22./31.05.2020	03.06.2020	JSa

## REKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2019

### FLORØ HAMN KF

Føretaket har etter vedtak i Kinn Kommunestyre i januar skifta namn til Florø hamn KF Kinn Kommune.

### Samrøystes uttale:

- 3 Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2019 datert 23.04.2020.
- 4 Kontrollutvalet meiner den framlagde særrekneskapen for Florø Hamn KF kan godkjennast.  
Særrekneskapen viser eit netto driftsresultat på kr 7 952 062  
og eit rekneskapsmessig mindreforbruk (årsoverskot) på kr 2 816 601  
Årsrekneskapen består av:
  - ✓ balanse per 31.12.2019
  - ✓ driftsrekneskap
  - ✓ investeringsrekneskap
  - ✓ notar
3. Kontrollutvalet er einig med styret i å avsette:
  - til disposisjonsfond kr 4 312 000
  - til bundne fond kr 1 672 440

### I møtet

Hamnesjef Linda Mortensen Midtbø orienterte og svara på spørsmål. Økonomikonsulent Kjell Hafstad var og til stades.

### Vedlegg

5. Revisjonsmelding 2019. Datert 23.04.2020 Motteke 11.05.2020
6. Årsmelding 2019 datert 16.03.2020.  
Signert av 3 av 5 styremedlemmar og hamnesjefen Motteke 11.05.2020
7. Rekneskapen 2019, inkludert erklæring frå hamnesjefen  
og konstituert rekneskapssjef datert 17.02.2020 Motteke 11.05.2020

- |  |                    |
|--|--------------------|
| 8. Styrebehandling av årsmeldinga 16.03.2020   | Motteke 26.05.2020 |
| 9. Styrebehandlinga av årsrekneskapen datert 25.05.2020. Møte 12.05.2020               | Motteke 26.05.2020 |
| 10. Styrebehandling av rekneskap og årsmelding for Alden Hamneområde datert 16.04.2020 | Motteke 27.05.2020 |

### Saksopplysningar

Viser til vedlegg til sak 47/20 - Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2019, samt gjennomgangen i møtet.

Kommunestyret gjorde tidlegare i år vedtak om å endre namn til Flora Hamn KF Kinn Kommune.

Gjer merksam på at det er brukt ulike nyansar av namn på føretaket.

I rekneskapen blir det brukt Flora Hamn FK, i årsmelding Florø Hamn KF.

Det er Flora Hamn KF som er registrert hos Brønnøysundregistra. Det nye namnet er ennå ikkje registrert der.

Den reviderte årsrekneskapen viser eit netto driftsresultat på	kr 7 952 062
og eit rekneskapsmessig mindreforbruk (årsoverskot) på	kr 2 816 601

Netto driftsresultat i 2018 iflg. årsrekneskapen side 1 i vedlegg 3	kr 3 174 905
Rekneskapsmessig mindreforbruk 2018 i flg. vedlegg 3	kr 853 176

Det er netto driftsresultat som best gjev uttrykk for det økonomiske resultatet av drifta i KFet. Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk framkjem etter bruk og avsetning av fondsmidlar i samband med avslutninga av årsrekneskapen.

Årsrekneskapen (vedlegg 3) inneheld talstorleikar også for Alden Hamneområde.

Årsmeldinga (vedlegg 2) inneheld økonomisk informasjon vedkommande Flora Hamn og Alden kvar for seg (jfr side 18).

Det er utarbeida særskild årsrekneskap for Alden Hamneområde. Sak om årsrekneskapen til Alden Hamneområde kjem til Kontrollutvalet seinare som eiga sak. Dette er eit interkommunnalt selskap og Kontrollutvalget skal ikkje gje uttale slik vi her gjer for Flora Hamn KF.

Hammesjefen er kalla inn til kontrollutvalsmøtet for å orientere og svare på spørsmål.

### Revisjonsmeldinga

Revisor sin konklusjon om særrekneskapen:

«Etter vår meining er den årsrekneskapen avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gjev ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Flora Hamn KF pr 31. desember 2019, og av resultatet for rekneskapsåret i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk».

Grunnlag for konklusjonen, annan informasjon, styret og hammesjefen sitt ansvar for særrekneskapen og revisor sine oppgåver og plikter går fram av revisjonsmeldinga.

Revisor konkluderer slik om andre lovmessige krav:

- ✓ Disposisjonar som ligg til grunn for særreknekapen er i det alt vesentlege i samsvar med budsjettvedtak, og budsjettbeløpa i særreknekapen stemmer med regulert særbudsjett.
- ✓ Opplysningane i årsmeldinga om særreknekapen er konsistente med særreknekapen og dei er i samsvar med lov og forskrift.
- ✓ Leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av Flora Hamn KF sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk.

### Årsmeldinga

- ✓ Årsmeldinga er flott presentert og inneheld mykje interessann informasjon.
- ✓ 2019 har vore eit godt år for hamna med auka aktivitet og mange prosjekt av framtidig betydning for Florø, Kinn Kommune og regionen.
- ✓ Ein må summere beløpa på omsetning og netto driftsresultat for Flora Hamn KF og Alden Hamneområde på side 18 i årsmeldinga for å få det til å stemme med beløpa i rekneskapen. Ei oppstilling over sum-beløpa på side 18 ville gjort det lettare å sjå samanhengen mellom informasjon i årsmeldinga og årsrekneskapen. Slik tal-oppstilling er laga nedanfor.

✓ Netto driftsresultat på Flora Hamn side 18 i årsmeldinga	kr 6 279 622
« « Alden Hamneområde side 18 «	<u>kr 1 672 375</u>
Sum « «	kr 7 951 997

I årsrekneskapen side 1 i vedlegg 3 og revisjonsmelding i vedlegg 1 framkjem kr 7 952 062

Omsetning Flora Hamn iflg. årsmeldinga side 18 i vedlegg 2	kr 15,9 mill
« Alden Hamneområde « « «	<u>kr 5,1 mill</u>
Sum	kr 21,0 mill

Sum salgs- og leigeinntekter iflg. årsrekneskapen side 1 i vedlegg 3 kr 21,7 mill  
Avvik kr 0,7 mill  
Dette gjeld gjeld posten overføring med krav til motytelsen kr 700 461 som tydelegvis ikkje er med i omsetningstala som framkjem på side 18 i årsmeldinga.

- ✓ Sjukefråværet er på 2,8%.
- ✓ Føretaket har 6 tilsette og har fokus på HMS-arbeidet.
- ✓ Framtidig hamneorganisering i Kinn Kommune er ikkje avklart.

### Rekneskapen

- ✓ Viser til dokumentet.
- ✓ Føretaket har hatt ein god omsetningsauke.

Føretaket inkl Alden:

Årsrekneskapen vedlegg 3 viser ein auke frå	18,8 mill i 2018
til	21,7 mill i 2019.
Ein auke på	2,9 mill,
som utgjær	15,4%

Føretaket eksklusiv. Alden:

Årsmeldinga vedlegg 2 omtaler omsetninga side 18		
på	kr 13,0 mill i 2018	og
ein auke på heile	kr 15.9 mill i 2019,	
Sjå ovanfor under årsmelding.	22%.	

- ✓ Langsiktig gjeld, ex. pensjonsforpliktelsar har auka med kr 3,5 mill til 42 mill.
- ✓ Eigenkapitalen i føretaket er svært solid.  
Eigenkapitalen pr. 31.12.19 iflg. årsrekneskapen vedlegg 3      kr 136,7 mill  
Dette utgjær ein eigenkapitalandel (eigenkapitalen i % av  
summen av eigenkapital og gjeld) på      73,8%
- ✓ Disposisjonsfondet utgjær kr 9,861 pr. 31.12.2019, dvs. 5,3% av totalkapitalen (sum eigenkapital og gjeld).
- ✓ Notar, nr. 1 til 10, datert 17.02.2020, side 12-18 i vedlegg 3.

### Styret i Flora Hamn KF

Styret handsama årsmeldinga i møte 16.03.2020, jfr vedlegg 4, og behandla årsrekneskapen i møte 12.05.2020, vedlegg 5.

Styret vurderer økonomien som god og aktiviteten til hamna som bærekraftig. 3 av 5 styremedlemmar, samt dagleg leiar har signert årsmeldinga.

### Rådet i Alden Hamnområde

Rådet har behandla årsrekneskap og årsmelding i møte 16. april.

Årsmeldinga er ikkje signert av rådsmedlemmane.

Årsrekneskapen for Alden Hamneområde kjem opp som eiga sak i Kontrollutvalet seinare i år.

### Avslutning

- Revisjonsmeldinga inneheld ikkje noko atterhald eller presisering
- Årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift og
- gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Flora Hamn KF per 31.12.2019 og
- resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og kommunal rekneskapsskikk.
- Revisjonen har ingen merknadar til det framlagde rekneskapet for 2019.



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
50/20	0037	20./25.05.2020	03.06.2020	JSa

## REKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2019 KF INNVANDRARSEENTERET I FLORA

Føretaket har skifta namn til Kinn Utdannings- og Ressurscenter KF (KURS KF) i 2020. Vågsøy Opplæringscenteret er innlemma.

### Samrøystes uttale:

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2019 datert 18.03.2020.
2. Kontrollutvalet meiner den framlagde årskneskapen for Innvandrarsenteret i Flora KF kan godkjennast.

Særrekneskapen viser eit netto negativt driftsresultat på	kr 2 034 530
og eit rekneskapsmessig meirforbruk (årsunderskot) på	kr 189 068

Årsrekneskapen er sett saman av:

- ✓ balanse per 31.12.2019
- ✓ driftsrekneskap
- ✓ investeringsrekneskap
- ✓ notar

### I møtet

Dagleg leiar Arild Melvær orienterte og svara på spørsmål.

### Vedlegg

1. Revisjonsmelding 2019. Datert 18.03.2020.
2. Erklæring rekneskap 2019 frå dagleg leiar og konstituert rekneskapssjef, datert 17.02.2020
3. Rekneskapen 2019
4. Årsmelding 2019 datert 31.03.2020.
5. Styrebehandling av årsrekneskap og årsmelding i møte 31.03.2020. Motteke hos oss 25.05.2020.

### Saksopplysningar

Viser til vedlegga til saka, kontrollutvalssak 47/20 - Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2019 samt gjennomgangen i møtet.

Dagleg leiar er kalla inn til møtet for å orientere og svare på spørsmål.

Årsrekneskapen viser eit <b>negativt</b> netto driftsresultat på	kr 2 034 530
og eit rekneskapsmessig meirforbruk ( <b>årsunderskot</b> ) på	kr 189 068

Hovudårsaka til resultatet er vesentleg inntektssvikt pga. reduksjon i tal busette flyktningar og frå flytta arbeidsinnvandrar. Føretaket sin økonomiske situasjon er vesentleg forverra i 2019. Alle frie fond er oppbrukte. Føretaket har ein **negativ** bokført eigenkapital ved utgangen av året på nesten 2,8 mill.

Omløpsmidlar i balansen inneheld posten premieavvik på kr 228 186. Vi gjer merksame på at dette er ei rekneskapsteknisk ordning og ikkje eit reelt krav. Eigenkapitalen er dermed negativ

med ca. 3 mill.

### **Revisjonsmeldinga**

Revisor sin konklusjon om årsrekneskapen:

- Etter vår meining er årsrekneskapen avlagt i samsvar med lov og forskrifter og
- gjev ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til KF Innvandrarsenteret i Flora pr 31. desember 2019, og
- av resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen, annan informasjon, styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen og revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av rekneskapen går fram av revisjonsmeldinga.

Revisor konkluderer slik om andre lovmessige krav:

- Disposisjonar i årsrekneskapen er i det vesentlege i samsvar med budsjettvedtak og budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.
- Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter.
- Leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av føretaket sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

### **Rekneskapen**

Viser til dokumentet. Sjå særleg notane 1 til 8 på side 12-16.

### **Årsmeldinga**

Årsmeldinga inneheld mykje interessant informasjon.

Vi ber Kontrollutvalet særleg merke seg den økonomiske situasjonen, sjå første del av årsmeldinga.

Det er gjort nedbemanningar og omplasseringar av personale.

Føretaket har frå 2020 avdelingar både i Måløy og Florø.

### **Avslutning**

- Revisjonsmeldinga inneheld ikkje noko atterhald eller presisering
- Årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift og
- gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til KF Innvandrarsenteret i Flora per 31.12.2019 og
- resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.
- Revisjonen har ingen merknadar til det framlagde rekneskapet for 2019.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
51/20	212	30.05.2020	03.06.2020	JSa

## REKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2019 FLORA BORDGLEDER KF

Det er gjort vedtak om at føretaket skiftar namn til Bordgleder KF Kinn Kommune frå januar 2020.

### Samrøystes uttale:

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2019 datert 25.05.2020.
2. Kontrollutvalet meiner den framlagde særrekneskapen for Flora Bordgleder KF kan godkjennast.

Særrekneskapen viser eit netto driftsresultat på kr 159 783  
og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 0

Årsrekneskapen består av:

- ✓ balanse per 31.12.2019
- ✓ driftsrekneskap
- ✓ investeringsrekneskap
- ✓ notar

3. Kontrollutvalet er einig i å sette av kr 40 786  
til disposisjonsfond

### I møtet

Johnny Jakobsen, dagleg leiar orienterte og svara på spørsmål.

### Vedlegg

- |   |                    |
|---|--------------------|
| 1. Revisjonsmelding datert 25.05.2020                             | Motteke 25.05.2020 |
| 2. Erklæring rekneskap datert 17.02.2020                          |                    |
| Signert av dagleg leiar og konstituert rekneskapssjef             | Motteke 25.05.2020 |
| 3. Årsrekneskap   | Motteke 25.05.2020 |
| 4. Årsmelding datert 19.05.2020, signert av 5 av 6 styremedlemmar | Motteke 25.05.2020 |
| 5. Møtebok av styrebehandling av årsrekneskap og årsmelding       |                    |
| Ikkje signert   | Motteke 25.05.2020 |

### Saksopplysningar

Viser til vedlegga til saka, kontrollutvalssak 47/20 - Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2019, samt gjennomgangen i møtet.

Selskapet driv med produksjon, salg og distribusjon av mat frå sitt kjøkken i Florø. Hovudaktiviteten er matlevering til:

- institusjonar og omsorgstrengande heimebuande innbyggjarar i tidlegare Flora Kommune
- mannskap på ferjer i Fjord1 og Norled

Dagleg leiar og eventuelt styreleiar møter i kontrollutvalsmøte for å orientere og svare på spørsmål.

Årsrekneskapen viser eit <b>positivt</b> netto driftsresultat på	kr 159 783
og eit rekneskapsmessig mindreforbruk/meirforbruk (årsoverskot/årsunderskot) på	kr 0

Det er netto driftsresultat som best gjev uttrykk for det økonomiske resultatet av drifta i KFet. Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk framkjem etter bruk og avsetning av fondsmidlar i samband med avslutninga av årsrekneskapen.

Kommunestyret gjorde i sak 006/20 i januar vedtak om å endre namnet til Bordgleder KS Kinn Kommune. I flg. dagleg leiar er Brønnsøysundregistra ikkje villig til å registrere dette namnet. Han vil orienter om dette i møtet.

### **Revisjonsmeldinga**

Revisor sin konklusjon om særrekneskapen:

«Rekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift og gjev ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Flora Bordgleder KF pr 31. desember 2019, og av resultatet for rekneskapsåret i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk».

Grunnlag for konklusjonen, annan informasjon, styret og dagleg leiar sitt ansvar for særrekneskapen og revisor sine oppgåver og plikter går fram av revisjonsmeldinga.

Revisor konkluderer slik om andre lovmessige krav:

- ✓ Disposisjonar som ligg til grunn for særreknekapen er i det alt vesentlege i samsvar med budsjettvedtak, og budsjettbeløpa i særrekneskapen stemmer med regulert særbudsjett.
- ✓ Opplysningane i årsmeldinga om særrekneskapen er konsistente med særrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrift.
- ✓ Leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av Flora Bordgleder KF sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk.

### **Rekneskapen**

Notar til rekneskapen finn ein på side 9-14, notenr 1-10.

Disposisjonsfondet beløper seg til ca. kr 930 000 31.12.2019.

Total egenkapital er ca. 2,6 mill. Dette gjev ein egenkapitalandel på 25%.

Eigenkapitalandel er egenkapitalen i % av sum egedelar og sum gjeld og egenkapital (sum i balansen)

Premieavviket framkjem på omløpsmidlar i balansen med kr -174 912. Premieavvik i balansen er ei rekneskapsteknisk ordning og ikkje reelt krav eller gjeldspost.

### **Årsrapport**

Årsrapporten gjev interessant informasjon om føretaket og innhaldet er flott presentert.

- Styret informerer m.a. om at dei gjennom året har hatt sterkt fokus på oppfølging av rekneskapen mot budsjett. Det synest vi er veldig bra.
- Vi gjer merksam på at sjukefråværet har vore høgt. Styret har fokus på dette og har sett i verk tiltak. Styret meiner at fråværet er på veg ned.

## Styret i Bordgleder KF Kinn Kommune

Styret handsama årsrekneskapen og årsmeldinga i møte 19.05.2020, vedlegg 5.

### Avslutning

- Revisjonsmeldinga inneheld ikkje noko atterhald eller presisering.
- Årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift.
- Resultatet for rekneskapsåret er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.
- Revisjonen har ingen merknadar til den framlagde rekneskapen for 2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
52/20	212	22./29.05.2020	03.06.2020	JSa

## REKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2019 ALLHUSET EIKEFJORD

### Samrøystes uttale:

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2019 datert 18.05.2020.
2. Kontrollutvalet meiner den framlagde særrekneskapen for Allhuset Eikefjord, som er ein del av Flora Kommune sin rekneskap, kan godkjennast.

Særrekneskapen viser eit negativt netto driftsresultat på

kr 166 439

Årsrekneskapen består av:

- ✓ Driftsrekneskap

3. Kontrollutvalet registrerar at Kommunedirektøren jobbar med å få til organisering av Allhuset i tråd med nye kommunelov. Han vil rapportere tilbake til kontrollutvalet når ny organiseringa er på plass.

### I møtet

Dagleg leiar Robert Kalsvik orienterte og svara på spørsmål.

Kommunedirektøren opplyser at han jobbar med å få til avklaring om organiseringa av Allhuset.

### Vedlegg

1. Revisjonsmelding 2019 datert 18.05.2020 Motteke 20.05.2020
2. Rekneskapen 2019 Motteke 20.05.2020
3. Årsrapport 2019. Ikkje datert.  
Signert av 3 av 6 styremedlemmar Motteke 20.05.2020
4. Styrebehandling årsrekneskap.  
Møte 09.03.2020. Ikkje signert av medlemmane. Motteke 27.05.2020

## Saksopplysningar

Viser til vedlegga til saka, kontrollutvalssak 47/20 - Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2019 samt gjennomgangen i møtet.

Årsrekneskapen viser eit **negativt** netto driftsresultat på kr 166 439  
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk (**årsover/underskot**)  
er ikkje relevant.

Allhuset er organisert etter § 11 i kommunelov. Driftsrekneskapen er bokført som eige tenesteområde, 651401, i Flora Kommune sin rekneskap. Balansepost 2560902.  
Det har vore ønskeleg og vanleg å presentere denne driftsrekneskapen særskilt.

## Revisjonsmeldinga

Revisor sin konklusjon om særrekneskapen:

Rekneskapen av gitt i samsvar med lov og forskrift og gjev ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Allhuset Eikefjord pr 31. desember 2019, og av resultatet for rekneskapsåret i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk.

Grunnlag for konklusjonen, annan informasjon, styret og dagleg leiar sitt ansvar for særrekneskapen og revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon går fram av revisjonsmeldinga.

Revisor konkluderer slik om andre lovmessige krav:

- ✓ Disposisjonar som ligg til grunn for særrekneskapen er i det alt vesentlege i samsvar med budsjettvedtak og budsjettbeløpa i særrekneskapen stemmer med regulert særbudsjett.
- ✓ Opplysningane i årsmeldinga om særrekneskapen er konsistente med særrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrift.
- ✓ Leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av Allhuset Eikefjord sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk.

Sidan driftsrekneskapen til Allhuset Eikefjord er ein del av Flora Kommune sin rekneskap, viser vi til revisjonsmeldinga til kommunen av 26.05.2020 i sak 53.

## Rekneskapen

Utdrag frå Flora Kommune sin rekneskap utgjer driftsrekneskapen.

Balanse og notar er ikkje utarbeida..

Saldo på eigenkapitalkonto er 0.

## Årsrapport

Årsrapporten inneheld informasjon om meirkostnadar i forhold til fjoråret og budsjett.

## Styret i Allhuset Eikefjord

Styret handsama årsrekneskapen og årsmeldinga i møte 09.03.2020, vedlegg 4.

I møtoreferatet kjem fram at styret har behandla eit rekneskap med eit årsresultat på kr -73 000, mens det i den driftsrekneskapen og revisjonsmeldinga som vi har motteke kjem fram eit underskot på kr 166 439.

Allhuset Eikefjord sin representant vil i kontrollutvalsmøtet klargjere kvifor styret opererer med eit anna årsresultat enn det som kjem fram i rekneskapen i vedlegg 2.

## Avslutning

- Revisjonsmeldinga inneheld ikkje noko atterhald eller presisering.
- Årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift.
- Resultatet for rekneskapsåret er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.
- Revisjonen har ingen merknadar til den framlagde rekneskapen for 2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
53/20	212	28.05.2020	03.06.2020	JSa

## KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSRAPPORT 2019 FLORA KOMMUNE

### Samrøystes uttale

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2019 datert 26.05.2020.
2. Kontrollutvalet meiner at Flora Kommune sin årsrekneskap kan godkjennast.  
Årsrekneskapen viser eit negativt netto driftsresultat (underskot) på kr 14 541 392  
og eit rekneskapsmessig meir/mindreforbruk (under-/overskot) på kr 0

Årsrekneskapen er sett saman av:

- ✓ balanse per 31.12.2019
- ✓ driftsrekneskap
- ✓ investeringsrekneskap og økonomiske oversikter
- ✓ notar

Driftsrekneskapen viser at kommunen totalt har hatt til fordeling drift kr 749 888 110  
Sum fordelt drift kr 749 888 110

### Vedlegg

4. Revisjonsmelding datert 26.05.2020. Motteke 26.05.2020
5. Rekneskapen med uttale datert 15.02.2020. Motteke 26.05.2020  
Fullstendigerklæring er  
elektronisk signert av kommunalsjef for  
økonomi og kommunaldirektør.
6. Årsrapport Framside og innhaldsoversikt Motteke 26.05.2020  
Del 1 Årsrapport Kommuneplanen sin samfunnsdel Motteke 26.05.2020  
Del 2 Årsrapport Økonomiske nøkkeltal Motteke 26.05.2020  
Del 3 Årsrapport Årsrekneskap Motteke 26.05.2020

### Saksopplysningar

Viser til dei vedlagde dokumenta: Revisjonsmelding, årsrekneskap og årsmelding for 2019.

Revisor og ev. kommunaldirektør og/eller økonomi/rekneskapsjef deltek på møtet.

Tidlegare rådmann peikar på at også 2019 det har vore eit krevjande år for Flora Kommune med store økonomiske utfordringar, side 2 i vedlegg 3 del 0 Årsrapport. Kommunesamanslåinga mellom Vågsøy og Flora har sjølv sagt krevd store ressursar.

Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk (over/underskot) 2019	kr 0
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk (over/underskot) 2018	kr 0

Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk er økonomisk resultat slik det kjem fram etter avsetningar og bruk av fondsmidlar.

Netto driftsresultat er det mest brukte nøkkeltalet for vurdering av det økonomiske resultatet i ei kommune.

	2019	2018
Netto driftsresultat	<b>-14,5 mill</b>	<b>-2,1 mill</b>

Økonomimelding II viste eit resultat på kr

### **Nytt revisjonsselskap og oppdragsansvarleg**

Revisjonseiningane for kommunar i Sogn og Fjordane og Fylkeskommune har gått saman i eit nytt revisjonsselskap; Vestland Revisjon OF.

### **Revisjonsmeldinga**

Revisor sin konklusjon om årsrekneskapan:

- ❖ Rekneskapan er gitt i samsvar med lov og forskrift og gjev per 31.12.2019 ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen og
- ❖ av resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen, annan informasjon, rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapan og revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapan går fram av revisjonsmeldinga.

Revisor konkluderer slik om andre lovmessige krav:

- ❖ Dei disposisjonane som ligg til grunn for årsrekneskapet er i det alt vesentlege i samsvar med budsjettvedtak og budsjettbeløpa i årsrekneskapet stemmer med regulert budsjett.
- ❖ To presiseringar, sjå nedanfor.
- ❖ Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapan er konsistente med årsrekneskapan og dei er i samsvar med lov og forskrifter.
- ❖ Leinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk.

*Presiseringar om grunnlag for konklusjonen:*

*Det vert vist til retningslinjer for sjølvkost i kommunale betalingstenester H 3/14 av 24.02.14. På sjølvkostområdet viser område for vatn eit underskot på kr 5 632 748, område for avløp underskot på kr 5 840 815 og område for slamtømming eit underskot på kr 3 194 717. Dersom kommunestyret ikkje gjer særskilt vedtak om dekningsgrad, skal underskota dekkast inn over 5 år frå den tid det oppstod.*



Det vert vist til kommunestyrevedtak 043/20 punkt 3 av 20. april 2020 «Kommunestyret er usikker på om VA-rekneskapen frå Vågsøy og Flora er rett og ber Kontrollutvalet sjå på saka og rapportere til kommunestyret».

*Presisering ad konklusjon om budsjett:*

*Kommunelova §§ 46 og 47 omtalar årsbudsjettet sin bindande verknad. Vi syner til avvik som går fram av hovudoversikt for drift og investering, og minner om lovkravet om budsjettregulering når budsjettføresetnadane endrar seg gjennom året. Det er vesentleg avvik mellom budsjett og resultat i investeringsrekneskapen. I driftsrekneskapen er det resultatført kr 13 217 604 på bruk av disposisjonsfond. I rekneskapen er budsjettet lagt inn med kr 2,5 mill. Av note 11 går det fram at det i bystyresak 086/19 er gjort følgjande vedtak: «Flora bystyre vedtar at driftsrekneskapen til Flora kommune for 2019 skal balanserast mot bufferfondet» I noten går det vidare fram at det i 2019 er brukt kr 10 645 002 av bufferfondet for å balansere driftsrekneskapet i 2019. Det burde vore lagt fram regulert budsjett for bruk av disposisjonsfond i tal-delen i årsrekneskapen.*

*Sjå også note 11 i vedlegg 2 merka side 214 og vedlegg 3 del 3 side 74.*

### Årsrekneskapen

- ✓ Rekneskapsskjema 1A Drift finn ein på side 6 i vedlegg 2 Årsrekneskapen.  
Rekneskapsskjema 2A Investering side 8.
  - ✓ Notane nr 1-21 merka side 205-226 i vedlegg 2.  
Ver spesielt oppmerksom på note 20, der det går fram at Flora Kommune har 3 rettstvistar gåande.  
Notar finst både i vedlegg 2 og i vedlegg 3 del 3.
  - ✓ Premieavviket under omløpsmidlar i balansen framkjem med kr 72 857 092  
Dette er eit urimeleg høgt beløp og rekneskapsposten inneheld sannsynlegvis andre postar i tillegg.  
I note 2 framkjem akkumulert premieavvik med kr -62 860  
Dette beløpet er rimeleg.  
Premieavvik i balansen er ei rekneskapsteknisk ordning og ikkje eit reelt krav/gjeldspost.
  - ✓ Resultatgrad og resultatutvikling  
Netto driftsresultat i % av driftsinntektene utgjer i 2019, -1,30%  
side 214 i vedlegg 2. Dette er vesentleg lavare enn måltal tilrådd frå  
Teknisk Berekningsutval på 1,75%
- Når det gjeld utviklinga i inntekter, kostnader og økonomiske resultat dei siste åra, sjå side 46 og 47 i vedlegg 3 del 2 Økonomiske nøkkeltal.
- ✓ Lånegjeld  
Netto lånegjelda utgjer ca kr 1 588 752 000 ved utgangen av året,  
side 48 i vedlegg 3 del 2 Økonomiske nøkkeltall  
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter utgjer 2019 138,8%  
« « « « « 2018 130,9%

Om utviklinga i lånegjelda dei siste åra sjå side 48 i vedlegg 3 del 2 Økonomiske nøkkeltal. Anbefaling om at dette nøkkeltalet ikkje er høgare enn 50-60%.

Lånegjeld pr. innbyggjar i Flora	kr 134 530
« « « Vågsøy	kr 117 388
« « « Eid	kr 114 716
« « « Selje	kr 92 000
« « « gjennomsnitt i Sogn og Fjordane	kr 97 930
« « « landsgjennomsnittet ex. Oslo	kr 72 360

✓ Meir/mindreforbruk

Sjå avvik sektorrammer side 57 og 58 i vedlegg 3 del 2 Økonomiske nøkkeltal.

### Årsrapport

	2019	2018	2017
✓ Vi gjer merksam på sjukefråværet Årsrapporten vedlegg 3 del 5 side 42.	7,9%.	9,6%	9,7%

✓ Årsrapporten inneheld mykje interessant informasjon som bør vere viktig å få med seg.

### Avslutning

- Revisjonsmeldinga inneheld *to presiseringar*
- Årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift
- og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31.12.2019 og
- resultatet for rekneskapsåret i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.
- Utanom presiseringane har revisjonen ingen merknadar til den framlagde rekneskapen.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
54/20	212	01.06.2020	03.06.2020	JS

## REKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2019 FELLESNEMDA KINN KOMMUNE

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet meiner at rekneskapsoppstillinga for Fellesnemnda i Kinn kommune er vanskeleg å forstå. Kontrollutvalet oppmodar kommunedirektøren om å utarbeide eit hovudsamandrag av rekneskapsoppstillinga og anna relevant informasjon som kan gi betre informasjon til det politiske miljøet i Kinn kommune.

Når slikt hovudsamandrag er utarbeida vert saka å handsame ferdig i kontrollutvalet.

### Vedlegg

1. Notat frå Vestland Revisjon til sekretariatet
2. Revisjonsuttale til driftsrekneskapen pr. 31.12.2019
3. Rekneskapsoppstilling for prosjektperioden 2017 – 2019

#### 4. Sluttrapport for aktivitet 2017-2019 inklusiv årsrapport for 2019

### SAKSOPPLYSNINGAR

#### Revisjonsmeldinga

##### *Konklusjon*

Vi viser til revisor sin årsberetning/uttale til driftsrekneskapen for 2019 og sluttrapport for Fellesnemnda sin aktivitet for perioden 2017 – 2019.

Revisor skriv i si presisering at pengemiddelbruken er overskreden med vel 13 mill. Tilsvarande beløp er brukt av reformstøttemidlane som er tiltenkt som startkapital for den nye kommunen frå 2020.

Revisjonsmeldinga viser til revisjonsmerknad i 2018 og presisering i 2019, sjå revisjonsmeldinga.

##### *Fellesnemnda og prosjektrådmannsitt ansvar for prosjektrekneskapen*

Revisor meiner at Fellesnemnda og prosjektrådmannen er ansvarleg for prosjektrekneskapen.

Revisor avsluttar med:

I rekneskapen for 2019 er det inntektsført eit beløp på ca. 13 mill. kr som er periodisert del av reformstøttemidlar som den nye kommunen får i 2020.

#### **Rekneskapsoppstillinga (Rekneskap for prosjektperioden 2017 – 2019)**

Denne framstillinga er detaljert og kan vere vanskeleg å forstå. Denne er ikkje eit eigna dokument for å gje politikarar og innbyggjarar i kommunen oversikt over aktiviteten til Fellesnemnda.

Det burde ha vore utarbeida eit hovudsamandrag der inntekter og summer av ulike utgiftspostar og budsjettsamanlikning m.m. går klart fram.

### OPPSUMMERING

Vi meiner at rekneskapsoppstillinga er vanskeleg å forstå. Den gir ingen god oversikt.

Sjølv om revisjonsuttalen inneheld nyttig opplysning synest vi det bør utarbeidast eit hovudsamandrag før saka vert ferdighandsama i kontrollutvalet.

Kommunedirektøren bør oppmodast om å utarbeid meir relevant informasjon om Fellesnemnda sin aktivitet. Når samandraget ligg føre vert saka å ferdighandsame med uttale frå kontrollutvalet.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
55/20	033	26.05.2020	03.06.2020	JS

### EVENTUELT

#### Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet fastset møtedato til 11.06.2020 kl. 10.00.

## **I møtet**

Møtedato for behandling av:

ETTERKONTROLL AV VA-REKNESKAPEN I VÅGSØY OG FLORA KOMMUNAR FOR 2019

Møtet slutt.

Bjørn Hollevik.  
Leiar

Nils Myklebust  
Nestleiar

**Møteprotokollen går til:**

**Kommunestyret i Kinn**

Vestland Kommunerevisjon

Kommunedirektøren til orientering

Ordføreren til orientering